

Representanten Valvatne (A) har stilt følgjande spørsmål:

*"På ruta frå Bergen og sørover til Sunnhordland kjøper Skyss seg inn hjå Kystbussen i høve bruk av ungdomskort. Samstundes har Skyss ein stor ruteproduksjon sjølv særleg på strekninga Bergen- Halhjem men også Sandvikvåg- Leirvik. Har ein på denne strekninga (Bergen-Aksdal/Haugesund vurdert kva det ville koste å styrke eigne bussruter kontra kjøp hjå Kystbussen?"*

Avdelingsdirektør for mobilitet og kollektivtransport har følgjande svar:

Kystbussen dekker fleire delstrekningar, der Skyss også har eigne rutetilbod tilpassa lokale reisebehov og med kopling mot øvrig linjenett og tilbod. I nyleg vedtekne trafikkplan for Bergen sør og Bjørnafjorden (FUV, PS-107/2021) er det lagt opp til at tilbodet mellom Bergen og Halhjem vert dekkja av ny regionstamlinje. Linja vil bli oppretta i samband med ny E 39 Sveгатjørn-Rådal.

Tilbodet i Sunnhordland er planlagt med grunnlag i Trafikkplan Sunnhordland (2015). Vidare utvikling av tilbodet vil vere basert på dei føringane som der er lagt, samt prioriteringar innanfor dei til ein kvar tid gjeldande økonomiske rammer.

Linje 700 utgjer hovudlinja mellom Leirvik og Haugesund, og er i stor grad knytt opp mot skuleskyss og korrespondansar mot lokale linjer i Sveio. Linja som i dag køyrer mellom Leirvik-Sandvikvåg er linje 671, og betener både den austlege og vestlege vegstrekninga mellom Fitjar og Leirvik. Linja er særleg knytt opp mot skuleskyss, samt korrespondansar mot ferga Jektavik-Nordhuglo-Hodnanes. Det vil vere mogleg å auke frekvensen på linje 671 for betre korrespondanse mot linje 700 dersom ein får økonomiske rammer til dette. Vi vurderer likevel at det ikkje er passasjergrunnlag stort nok til å tilrå dette.

30-dagars ungdomsbillett kan nyttast frå og med fylte 16 år til og med den månaden ein fyller 21 år. 30-dagars ungdomsbillett gjeld i heile Vestland (fylkestinget PS 137/2020). Skyss har samarbeidsavtalar med blant anna kommersielle ekspressbuss-operatørar som til dømes Kystbussen som gjer at ungdomsbilletten kan òg nyttast på desse, men då slik at billetten ikkje gjeld på ekspressbussen for korte reiser der Skyss har eit eige godt tilbod som til dømes Bergen - Halhjem. Skyss betalar om lag 9,2 MNOK (gjeld normalår utan pandemi) for at ungdomsbilletten kan nyttast på Kystbussen. Det ligg ikkje føre planar om å endre på denne ordninga.